



Månadsbrev januar 2024

Desember kom brått på og gjekk fort, men me avslutta med ein flott juletreffest der elevane verkeleg baud på seg sjølv. Vel blåst! Blåst blei det på nyåret òg, og iskaldt, men dei fleste har takla det fint. Og elevane har fått vera inne første friminutt før sola kjem fram. Pass på at ungane er godt kledde under utedressen, og at alle hugsar hue og vottar! Nokon vil helst vera inne i flest mogleg friminutt, les ungdomsskule, medan andre vil mest mogleg ut. Apropos gode klede og vinterutstyr! Om nokon har behov for å låna skiutstyr m.m., har Bua utlån av både ski og skøyter m.m., og opprettar du konto, får du låna for ei veke eller to. Elles har helsestasjonen høve til å hjelpa med større innkjøp av utstyr.

I januar byrja 3.-4. klasse med ei innhaldsrik morgonsamling på fredagen, og mellomtrinnet hadde ein kjempekjekk time med Numetry på slutten av tysdag 9.



januar. Torsdag 11. januar får 8.-10. klasse besøk av Den kulturelle skulesekken i femte time med den tverrfaglege førestillinga "Hvor kommer du fra og hvor skal du?". Det handlar om identitet og bunadshistorie i ein kombinasjon av det tradisjonelle vs. det moderne når me treff "danseren og "modell" for bunaden, Tomos

Young. Han utforsker hvordan bunad skaper identitet og hvordan den kan brukes i møte med Lisa Blom, som har rekonstruert en ny herrebunad basert på folkedrakter fra 1820. Deler av drakta er funnet i Øyslebø og Søgne. Det hele blir stemningsfullt rammet inn med en tredje kunstner; Stein Austruds mangfoldige musikk, nyskrevet og delvis improvisert." <https://www.denkulturelleskulesekken.no/agder/utforsk-produksjoner-i-dks/?produksjon=4184>

Onsdag 17. januar er 8.-9. klasse på TL-kurs i Kvinesdal og fredag vil nokre i 10. klasse på hospitering på Tryggheim vgs. God tur! 30. januar får mellomtrinnet besøk i 1.-2. time av Vitensenteret Sørlandet, i samarbeid med fagforbundet Tekna, med eit spanande og lærerikt undervisningsopplegg i mekatronikk der elevane gjennom aktivitetar skal bli kjende med samhandlinga mellom ulike mekaniske prinsipp og elektronikk. Det blir med andre ord ein god periode med fokus på fag.



Helene Trydal Handeland er sosiallærer, så om nokon vil snakka med henne, finn dei ho på mellomtrinnskontoret før matpausen onsdag og fredag. Elles kjem Lena Knutsen og Monica Gabrielsen på skulen kvar torsdag, anten begge eller ei av dei.

Sinnes 07.01.24, Åse-Berit (rektor)